



Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985

Sogndal 30.05.2014

Referat frå møte i Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 27.05.2014
Møtetid: kl. 13:00
Møtestad: Stedjetunet (Stova)

Tilstades:

Kjell Sæter, Magny Ugulsvik Bukholm, Egil Fimreite, Marit Lunde Mundal, Anders Bjørk, Steinar Velle, Birgit Ingeborg Kverme Johnsen, Laura Kvamme, Ole Simen Nesdal, Jorunn Merete Haukås-Eide.

Meldt forfall:

Edith Flatland.

Referat

Sak 020/14 Orgesrestaurering i Stedje kyrkje

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd gir administrasjonen, kantor og orgelkonsulent fullmakt til å vurdere tilboda og inngå kontrakt med leverandør.

Sak 021/14 Innspel til økonomiplan 2015-2018

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd godkjenner framlegg til økonomiplan for 2015-2018, med denne endringa: måling av gjerde på Stedje kyrkjegard går ut, brannvernlegg for Stedje kyrkje kjem inn i planen for 2015.

Sak 022/14 Enøktiltak i Norum kyrkje

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd vedtek å realisere dei tilrådde forbetringstiltaka 1-5 i rapporten frå Miljø&RessursDrift, dat. oktober 2013. Investeringskostnaden er stipulert til kr.370.000. Fellesrådet har søkt om tilskot frå enøk-fondet til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og det blir søkt Husbanken om rentekompensasjon. Investeringa vert lånefinansiert etter avtale med Sogndal kommune.

Sak 023/14 Val av tilbod - lekkasje i tårn Stedje kyrkje

Vedtak:

Fellessrådet takkar ja til pristilbodet på kr. 313.906,25 frå Vestlandshus Sogn på utskifting av beslag i kilerenner på tårnet på Stedje kyrkje. Arbeidet skal utførast innan 1.oktober 2014, og arbeidet skal utførast etter tilråding frå Riksantikvaren.

Sidan ein først har stillas på staden går ein også inn for å få måla Stedje kyrkje samtidig.

Sak 025/14 Freding av eldre gravminne på Fjærland kyrkjegard

Vedtak:

Fellesrådet går ikkje inn for freding av dei omsøkte gravene, men vedtek at familien/festar får løyve til å feste grava til Steinår K. Hatlestad og John Hatlestad vidare. Fellesrådet vil ta dei lokale kyrkjegardsvedtektene opp til revisjon hausten 2014.

Sak 026/14 Høyringsssvar - høyring om kyrkjebygg

Vedtak:

Fellesrådet støttar høyringsuttalen utarbeida av den nedsette nemnda, og vedtek denne som sin uttale til høyringa frå Kyrkjerådet om kyrkjebygg.

Sak 027/14 Fellesmøte mellom kyrkjeleg fellesråd og sokneråda hausten 2014

Vedtak:

Fellesrådet ynskjer å arrangere eit felles møte for fellesråd, sokneråd, utval og tilsette i oktober 2014 (15.10.14 kl. 19.00). Administrasjonen saman med fellesrådsleiar får fullmakt til å planleggje og førebu møtet. Tema for kvelden vert informasjon om tiltak i dei enkelte sokn og kyrkjer, samt felles tiltak i trusopplæring og diakoni, og ei drøfting/idémyldring kring vidareføring av arbeidet i kyrkja i samband med endringar i arbeidsstokken. Sokneråda vil bli inviterte til å komme med ynskje om tema som skal takast opp på møtet.

Sak 028/14 Møteplan haust 2014

Vedtak:

Fellesrådet vedtek fylgjande møteplan for hausten 2014: 30. september, 28. oktober, 25. november og 16. desember.

Sak 029/14 Permanent samarbeid for kyrkja i Sogndal og Leikanger

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd søkjer Kyrkje og kulturdepartementet om permanent samarbeid for kyrkja i Sogndal og Leikanger, om felles fellesråd og dei oppgåvene som ligg i Kyrkjelova §14, gjeldande frå forsøksperioden går ut 01.07.14.

Sak 030/14 Skriv og meldingar 27.05.2014

Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til vitande.

Sak 031/14 Ymse - Fellesrådsmøte 27.05.14

Vedtak:

Orienteringane vart tekne til vitande.

For Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Jorunn Merete Haukås-Eide
kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger